



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato  
02.10.2018  
Dykkar dato  
04.09.2018

Vår referanse  
2018/11051 421.3  
Dykkar referanse  
18/2463

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Uttale til dispensasjon til etablering av veg - Lindås – Gnr. 37 bnr. 469 – Alver.

Vi viser til brev frå kommunen datert 04.09.2018. Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av veg over Galteråsen.

Vegen vil krysse LNF-formål, offentleg formål og næringsformål i kommunedelplan for Knarvik – Alversund. Kommunen har vurdert at det er naudsynt med dispensasjon frå plankrav og LNF-formål.

#### Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen si vurdering er at tiltaket er stort med omfattande terrenginngrep. Område vegen skal gjennom er ikkje bygd. Deler av området er registrert som eit viktig friluftsområde som skildrast som «*turområde med oppgatte stier og flott utsikt*» jf. kart.naturbase.no.

Område som er offentleg formål er ikkje lenger aktuelt som skuleområde og område der vegen skal gå er tenkt som næringsområde i kommunedelplan for område som no er i prosess.

Fylkesmannen ser det som svært uheldig å byggje ein 700 meter lang veg, med store terrenginngrep, igjennom eit viktig friluftområde før det er endeleg avgjort kva verdiar og planinteresser som er knytt til området og kva det etter ei samla, ny vurdering skal nyttast til. Vår vurdering er såleis at bruken av området bør avklarast i overordna plan før ein tek stilling til vegen og då bør vegen eventuelt vere del av ein reguleringsplan for området.

Fylkesmannen rår ifrå dispensasjon til veg.

Vi viser til at kommunen ikkje bør gje dispensasjon dersom statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til søknaden jf. pbl. § 19-2 fjerde ledd. Dersom det likevel vert gjeve dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagehandsaming.

Med helsing

Egil Hauge  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*